

Folkefest på historisk dag i møllefjellet

Det flauma over av folk blant møllene då historie vart skrive på Midtfjellet på laurdag. For første gong fekk vindmølleparken sin eigen aktivitetsdag.

THEA IDSØE
thea@sunnhordland.no

– Det vart litt tungt på slutten, slår Emil Henriksen Sørfonn fast.

Saman med naboane Ronny Korneliussen og Thomas Olsen Korneliussen (18), i tillegg til faren Åsmund Sørfonn, hadde han teke beina fatt opp til Midtfjellet laurdag føremiddag. Det var dei ikkje åleine om.

– Det er fantastisk mykje folk her i dag, andre folk enn dei ein vanlegvis møter på. Du ser jo på treningskledda at dei ikkje berre kjem frå Fitjar og Stord, seier Ronny Korneliussen.

Få fleire til fjells

Det flauma over av folk på den vindfulle Fitjarsåto laurdag føremiddag. Dette var i samband med Midtfjelletdagen, ein aktivitetsdag i regi av Midtfjellet Vindpark og Fitjar Idrettslag. Primus motor Ole Bergesen har tidlegare uttala at føremålet med dagen har vore å få flest mogeleg til fjells for å bruka område i vindmølleparken.

– Sjølv har eg drive lenge med småviltjakt i området, men eg synst det er flott at området har vorte så tilgjengeleg for alle, seier Korneliussen.

– Eg er ikkje så van med å gå i fjellet, så dei nye stiane er heilt strålende, seier nabo Åsmund Sørfonn.

For dei som ikkje hadde kapasitet til å gå heile vegen, gjekk skyttelbussar i trafikk opp til mølle B12 som var målområde for både turmarsj og løp.

Ved mølla stod både o-løpet «Møllesprinten», mølleopera og oppvisning frå Fitjar Karateklubb på programmet. I tillegg døypte Johannes Koløen mølle B12 til «Agnar» etter tidlegare Fitjar-ordførar og forkjempar for vindmølleparken, Agnar Aarskog. Fitjar Idrettslag stod for sal av kaker, Sushi, «Fitjar-pøiso» og anna grillmat.

– Eg vurderte eit lite se-



Naboane Åsmund Sørfonn (bak f.v.), Ronny Korneliussen, Emil Henriksen Sørfonn (10) og Thomas Olsen Korneliussen (18) tek seg ein fortent pust i bakken etter å ha gått turmarsjen opp til Fitjarsåto laurdag føremiddag.

ALLE FOTO: THEA IDSØE

kund å bli med på løpet, men er stygt redd for at eg berre ville blitt listefyll, fleipar Ronny Korneliussen.

62 deltakarar stod på startstrekken til det første motbakkeløpet i Fitjar si historie, «Først til mølla». Blant desse sprang Torstein Tengsareid frå Egersund inn på førsteplass med tida 19,26.

Risikosport

– Dette er arrangementet er reine risikosporten, me er ekstremt avhengige av været. Hadde det regna klokka ni i dag ville mange sikkert blitt heime, men me har vore heldige, seier ein godt nøgd primus motor, Ole Bergesen.

Vêrgudane viste seg frå si beste side, regner glimta med sitt frâvêr og dei kring 200 stolane med bord som var plassert utover målområde vart fort okkuperte. No håpar Bergesen Midtfjelletdagen kan bli ein tradisjon.

– Me håpar å kunne bygja dette arrangementet opp over fleire år, og etter kvart kunne få til fleire aktivitetar,

som til dømes sykkellop og liknande. No har me gått inn på ein treårsavtale, så få me ta det der ifrå, seier Bergesen.

resultatliste

FØRST TIL MØLLA – 2014

Junior jenter 15-18 år			
1	Hege Sandvin Pettersen	Odda FK	32,16
2	Kristin Sandvin Pettersen	Odda FK	38,03

Damer 19-34 år			
1	Nina Aarbø Olsen	Fitjar IL	29,24
2	Eline Aarskog	Fitjar IL	35,49
3	Anja Montsko Austlid	Fitjar IL	40,00

Veteran Damer 35-49 år			
1	Solfrid Sandvik Bø	Fitjar IL	29,18
2	Jorunn Hagesæther	Hgsd	31,54
3	Silje Vågen Torbjørnsen	Fitjar IL	31,57
4	Marianne Flister	Opptur	32,26
5	Karen Elisabeth Rydland Sæbe	Fitjar IL	35,40
6	Sonja Pedersen	Fitjar IL	40,13

Super veteran Damer 50+			
1	Tine Orange	Stord IL	32,19

Gutar 0-14 år			
1	Lars Øvrebo	Gaular IL	28,39
2	Sigurd Henriksen	Fana IL	29,09
3	Siljan Kapstad	Gaular IL	30,33
4	Marius Torbjørnsen	Fitjar IL	33,53
5	Ole Andre Stokken	Fitjar IL	33,59
6	Eirik Torbjørnsen	Fitjar IL	34,05
7	Andreas Vestbøstad	Fitjar IL	35,58
8	Ole Cato Tufteand	Fitjar IL	39,03

Junior gutter 15-18 år

1	Ørjan Nordvang	Fitjar IL	27,46
2	Jomar Austefjord	Solid IL	30,29
3	Erik Bloch	Stord IL	33,10

Herrer 19-34 år

1	Torstein Tengsareid	Egersund	19,26
2	Tom Erling Kårbø	Stord IL	21,14
3	Erlend Drivenes	Tørvikeb.	21,59
4	Andreas Hundeide Magnussen	Onarheim	24,47
5	Rune Kvilhaugsvik	Fitjar IL	26,07
6	Hogne Buchvold	SRS	27,47
7	Martin Devik	Fitjar IL	28,47
8	Johannes Olsen	Fitjar IL	28,50
9	Lars Gunnar Solsvik	Stord IL	31,06
10	Lars Andreas Larsen	Fitjar IL	31,36
11	Vidar Vestbøstad	Fitjar IL	32,07
12	Gisle Aarbø	Fitjar IL	35,14

Veteran Herrer 35-49 år

1	Geir Storetvedt Skaten	Opptur	22,56
2	Bård Inge Bø	Fitjar IL	25,19
3	Stein Ove Adriansen	Opptur	26,48
4	Tor Henning Vestbøstad	Fitjar IL	27,34
5	Håkon Rydland Sæbe	Fitjar IL	27,57
6	Henning Vik	Hgsd./Shl.	
		Politi IL	28,11
7	Håvard Meling	Bremnes IL	28,25
8	Karsten Vestbøstad	Fitjar IL	28,29
9	Roar Pedersen	Fitjar IL	29,06
10	Gunvald Aarbø	Fitjar IL	29,09
11	Dan Torbjørnsen	Fitjar IL	29,55
12	Kjartan Aarbø	Fitjar IL	35,34

Super veteran Herrer 50+

1	Håkon Vestbøstad	Stord IL	26,59
2	Harald Engevik	Fitjar IL	27,25
3	Magne Skumsnes	Fitjar IL	29,33
4	Harald Rydland	Fitjar IL	30,10
5	Svein Årskog	Fitjar IL	30,42
6	Svein Aarbø	Fitjar IL	31,46
7	Rolf Vik	Fitjar IL	31,50
8	Egil Kvarven	Stord IL	32,11
9	Svein Nøttveit	Fitjar IL	32,29
10	Ronald Hareide	Fitjar IL	34,53
11	Øystein Eide Eskeland	Stord IL	36,28
12	Gaute Aarbø	Fitjar IL	39,56



Torstein Tengsareid sprang for Egersund IL og var første mann til mølla med tida 19,26.